Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Krødsherad

Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Trond G. Ørpen Gard: Ørpen

(adresse): Flattum, Vikersund G.nr. 221 Br.nr. 1-2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Vanlege musikkinstrument.

I Fele:

1) Vanleg fele, eller flatfele som ho vert kalla i Krødsherad, har ikkje vore i bruk før i seinste 30 åra.

2) I 1903 skipa lækjar Tharesen, som var ein dugande cellist, eit salonorkester i bygda. Då vart vanleg fele tatt i bruk og vert framleis brukt sidan.

3) Instrumenta vart innkjøpt frå Tyskland.

I 1925 tok felemakar Ole Skogly, Krødsherad, til med å laga flatfeler. Han gjorde godt arbeid, og dei var både gode og vellaga. Skogly døydde i 1939, so ikring 70 år gamal.

Ole Holsen frå Snarum, som ei tid budde i Krødsherad, begynte og å gjera flatfeler. Han drog til Drammen, der han dreiv verkstad. Hans feler vart rost av fagfolk. Han døydde i Drammen so ikring 1938.

4) Form og spesielle detaljar var som på vanlege feler.

5) Botn, sarg og hovud var av lønn, oftast innført frå Tyskland. Norsk lønn vart òg bruka.

Lokket var av feinvaksen gran, gjerne av eit gamalt hus.

6) Framstellinga var som alm. vert bruka.

Sargen vart oppbløytt og runda med varme jarn, og

763

so lagt i form og limt. Botn og lok var gjerne to
stykke som vart limt saman. Botnen vart somme
tider hilloga. - Som reidskap vart brukt kniv, skav-
jarn og holjarn. Brot av ein gamal ljå, som var
bøygd i ein klove, vart og bruka. For å få dei
rette tjukkelsar i botn og lok brukte dei krumpassar.
Same hadde dei til teiken at dei kunde sjå gjen-
nom treet på dei tunnaste stader.

7) a) Til G. D og A brukte tarmstrengjer. Kvint av
stål.

b) Strengjene var gjerne å få til kjøps hos han-
delsmennene. Innført vare, frå Tyskland.

8) Ingen brigde i bruk før og no.

9) Som før nemnt vart fela brukt saman med andre
instrument i orkesteret, i det seinste saman med
trekkspel til dans. - Fela vart halden under haka.

10) Ingen varianter

11) Utan prydnad

12) Kjenner ikkje til noko i samband med dette spørsm.

13) Da alm. fele har vore brukt i so stutt tid, er
det ingen som har utmerkt seg serleg

II

Hardingfele:

1) Hardingfela har gamal hevd i Kråkherad.
Når ho kom dit er ikkje so godt å tidfeste; men
me veit um gode spelmenn, med velbygde slåttar,
um kring 1800, so eg vil tru at hardingfela har
vore kjent i siste luten av 17 hundreåret.

Det alm. namn var berre fele, da det var berre denne.
Namn på dei einskilde delar: Tråste (feletropp), bøyg-
jer (sarg), bruer eller tunger (bott), skruvar,
bøgå, ljåhol og ljåpinne, feleskrin

2) Som nemnd kom fela til Kråkherad i siste
luten av 17 hundreåret. Den eldste fela som eg



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

veit om, vart laga i Numedal om ikring 1815 av Bratterud. Hardingfela har vore og vert nytta til no.

Trekkspelet har vore nytta mykje til dans, serleg etter at ungdomslaga har fått eigne lokaler, som krev sterkare musikk.

3) Det ser ut som dei fyrste instrument kom frå Numedal. Dei gamle handelsvegar mellom Telemark og Austlandet gjekk over fjellet frå Tinn Austbygd, over fjellet til Veggli eller Nore, vidare over til Eggedal og Krødsherad. Ljåsmedar og bygde kremmerar kom med sine varer hitover.

Krødsherad var og ei viktig gjenomgangsbygd mellom Austland og Vestland. Lærdøler, sogningar og vossar fór om hausten gjenom bygda med drifter av ku- og hestar. Handel vart slutta og kaupskål drukke. Kjennskap til hardingfela kunne og vere kome på den måten, men eg har ikkje funne noko sanne provar på at feler er kome frå dei kantar.

Da Hellandane, Jan Eriksen, Erik Jansen Helland og broren til Erik, Elleff Jansen Stenkjøndalen og sonen hans Knut Ellefsen Stenkjøndalen, alle frå Bø, Telemark, tok til med sine gjæve arbeid, tok man kjøpt felene derifrå. Skulle ein ha ei riktig god fele, måtte ein eige ei ekte „vestmannfele"

Far min hadde ei fele, laga av Jan Eriksen Helland (fødd 1790, død 1862). Ho var truleg arbeid om ikring 1835.

På denne tida dreiv dei kjente rosemålerar, Knut Luraas og brørne hans, på arbeid i bygda. Dei var framifrå spelemenn, og dei bytte slåttar med spelemenn i Krødsherad. Dei bruka „vestmannfeler". Difor vart vel kjennskapen til deim utbreidda. Kryllingen for ofte til Kongsbergmarken.

Der møttes dei med feler, og felemakerane var vel og der med sine instrument og selte.
Det hende at dei drog like her aust på og selte feler: Helge Reistad, Sigdal, fortalde, at i 1864 kom felemaker Tollef Jansen Skarkjåndalen til Reistad med 4 feler som han skulle selje. Prisen var 6 daler stykket. Far til Helge bestilte ei til sonen. Han fekk den året etter. Eg har den i mi samling.

Det var vist så at fleire velkjende karar prøvde seg med felemakeri i Krødsherad. Ein av dei mest kjente var altmuligmannen og spelemannen Knut Foslia. Han vart født sa i kring 1800 talet og for til Amerika i 1851. Han dreiv og eksperimentera med forskjellig slags ved og storleikar. Det var om å gjera og få deim høgmælte. Til botn bruka han or eller bjørk, til sarg selje, til lok finvaksta gran, helst som lynet hadde slått ned i. Han laga ei uhorvelig stor ei som han kalla „Kuglynna". Den høyrdes over halvmila, fortalde Andres Vinna (f. 1839)

Det skal finnast ei på Skinnes i Krødsherad, men ho vart øydelagd. Eigaren fekk ein målar til å pusse ho opp. Han skrapa ho, sparkla, måla og lakerte ho og skreiv hans namn i botnen med gullbokstavar. I botnen hadde Knut skrive: „Partepeano er mit namn; den skå ingen gjøra skam."

Truls Leirsplassen, som for til Amerika sa i kring 1886, gjorde og gauska bra instrument. Det fins ei på Tandberg, Øst-Modum.

So i kring 1880 kom ein telemarking, Kolsruden, fra Heddal, til bygda. Han var meisterspelemann. Han vart i bygda ein 9-10 år og hadde tilhald på Leirsplassen. Han laga mange feler, og ~~mange~~ same var gode. Han var nøye med

763
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

veden. Til verktøy bruka han kniv og eit brot av ein ljå. Prisen var 15 til 20 kr. Dei var utan perlemorsinnlegg. Olav Kjernli, Krøderen, har ei deine.

Men den som dreiv det lengst var Ole Skogly. (1866 – 1939) Hans arbeid vart fagmessig utført, og han fekk diplom fleire stader for sine feler. Mange er komne til Amerika, dei gjer elles spreidd vidt ikring.

Halvor Humlegard, syskenbarnet og jamnaldringen hans, arbeidde og mange gode feler. Han døydde i 1946.

4) Dei eldste feler var heller små og høge i bråsten. Stöfela, den Brattenudfela, som eg har nemnd om (under spørsm. 2), var ganske stutt, men breid og høg i bråsten, med store ljodhol.

Hellandene hadde 3 mål (størrelse), stormålet, millommålet og småmålet. Eg har i mi samling, ei Erik Jonsen Helland „Prillar-Guri", ei av felene i den tjende Hartens kvartet, arbeid 1865. Tungene belagt med horn, bein og perlemor. Perlemorskant. Lengde 0,36 m., bredde over midten, ved ljodhola 0,11 m., høgde 0,05 m. – Systerfela hadde kapelmeister Johan Halvorsen, og han bruka den som solainstrument i „Fossegrimen." – Eg har ei Erik Jonsen Helland av millommålet, arbeidt i 1861, med heil bjørkebot, av „Hellandstubben". Det var eingong felemakeren var i beit for felebotnar. Han kløyvde da bjørkestabben sin og fekk 3 botnar. Alle av dem vart gode feler. Mål: Lengde: 0,35 m, bredde: 0,105 m, høgde: 0,06 m.

Minste smålet var enda kortare, og bredden i forhold hertil. Jas enkefru Rishovd, Krøderen, har de ei Knut Ellefsen Stenkjøndalen av dette mål. – Ei harding fele har fire over og fire under-

strengjer. Til overstrengenes bas(g), tenor(d) og kvart(a) brukes tarm. De 2 første belagt med sølvtråd. Til e brukes stål-strint. I eldre tid belagde spelemennene sine baser og tenorer sjølve. Dei hadde strengjelegge. Strengen vart strekt mellom 2 feste. Ved hjelp av tannhjul, av tre, blei strengen snurra rundt, og so spann man sølv-tråden på. På Gårand, hos Ragnvald Gårand, Nore-sund, har dei leggja etter storspelemannen Ole Kleven, Gamle-Kleven. Likeins pengestreng han bruka på marken.

Hardingfelene var frå gamal tid rikt prydde, med roseteikningar på hals, lok, sarg og hovud. Det siste var gjerne eit drakehovud, med fine skjeringar. Kantane var innlagt med perlemor, som dei fant i visse elvar. Tungene var også innlagd med bein, perlemor i horn, limt på eit trebrett. I seinare tid vart tungene gjort av ibenholt, med same infellingar. Hellandane, særleg Knut Eliefsen var ein meister hertil, i fine mønster. Dei seinare felemakerar har gått i hans spor. Skruvane var også gjerne beinlagde, særleg frå Knut Ellefsens tid.

5) Til hals vart bruka ask og lønn, til sarg selje, no lønn, til lok gran med fine vekstrar; til hovud bjørk eller lønn. I eldre tid vart bruka svart vyrke. No vert helst bruka, utlandsk lønn (ahorn) til hals og sarg.

6) Arbeidsmåten var som for alm. feler. Det var alt ekstraarbeid, med rosingar, innfell-ingar o.s.v som gjorde arbeidet seinare og meir innfløkt. Reidskapen i eldre tid var mykje primitiv, ein kniv, eit sjøbrot og ei fil. I seinare tid fekk dei betre hjelpemidler.

7) Spørsmålet besvart under spørsm. 4.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

7) Som før nemd har felemodellane forandra seg med tida; frå å vera små og høge til å bli stórar i lengd og bredd, men lågare i bråsken. Dei er no blitt meir lik den alm. fela i skapna, når undateke det høgre lok og dei stóre og nedskarne ljodhol. Felene vart dermed meir høgmælte.

9) Fela er eit strykeinnstrument, der lyden framkjem ved at ein boge sett strengjene i sving. – Når folk kom saman til leik og lag, var det gjerne ein kvedar eller munnharpespelar som gav lyden høve til å svinga seg i dansen. Eit stort oppsving blei det da fela vart tatt i bruk. Ho har ei uga evne til å eldne opp og skape stemning. Før dei fekk „lokal", kom ungdomen saman i stugune til dans og gaman. Jentene hadde mat med, og gutane skaut saman til kaffe; (kaffedansar.)

Dei gamle spelemenn heldt fela mot bringa. No er det mange som held ho under haka, men det er og dei som held fela på det gamle måten. At fela vart brukt ved serlege høve t.d. til å kalla saman folk eller skremme dyr, har eg ikkje høyrt om. Ho vart fyrst og fremst brukt til dans, og i brudlaupsgarden, frå og til kyrkja, spela spelemannen brudeslåttar og reiseslåttar

10) Nokon variant av fela kjenner eg ikkje til. Halvar Hjumlegard gjorde rikkig nok ei gitarfela. Eg prøvde ho, og det var gauske god tone i henne, men det vart med den eine

11) Spørsmålet svara under punkt 7.

12) I eldre tid var det dei spelemenn som kunne tralle, så strengjene til den spelemann dei kappspela rauk. Eg hørte at Gamle-Kleven (1817-1890) hadde råd for at nokon ikkje kunne tralle av strengjene hans. Han tok litt av sine ekskrementer og kleinte på strengjene kringom stolen. Då heldt dei.
At dei sette tyrkerhovud på felene hadde vel sin grunn. Kanskje det skulle jaga skyggdamonen på dør, som drakehovuda på dei gamle vikingeskip, og samstundes skapa vedde.

Det vert elles fortalt om at felespelet kunne skapa uhugge, få kard og stalar, kappar og tar til å danse o.s.b. Og i Vis-Kari tida, i 1860 åra, da pietisma låg tung over bygdene, vart fela betrakta som fandens instrument. Spelemannen satt i heitaste helvete og spela so det loga av strengjene. Mange spelemenn brente felene sine og slutta spela.
Noko elles er meg ukjent.

13) Kråkherad har hatt ei rekkje framifrå spelemenn.
I eldste tid:
Guttorm Grimeli, etter han springaren „Grimelidn"
Halvor Galberg
Knut Fosteå, for til Amerika 1871.
Kittil Langebakke (1826-1858) Omkom under fjelldansen på Rauamyra, Norefjell 1858.
Hans Hagen (1825-1892)
Ole Kleiva, Gamle-Kleven (1817-1890, storspelemann
Wilhelm Sarkeberg (1839-1912), meisterspelemann
Johan Kleven (1858-1944) son åt Gamle-Kleven.
Eg har ei mengd slåttar i mi samling etter han. Han hadde dei frå faren.
Ole Skogly (1866-1939) spelemann og felemaker
Alle dei her nemnde spelemenn var framifrå i si kunst og stod på høgd med dei beste i landet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

V

Av nålevande kan nemnast nedskrivaren herav:

Truls Gripen (1880- )

Anton Runn

Gunnar Dakka

Kittil Flaglien

Ola Vinna

III

Ikkje kjent i Krødsherad

IIII

Heller ikkje vanleg harpe

V

Har ikkje funne teikn til at langeleik har vore brukt i Krødsherad

VI

Heller ikkje „humle".

VII

Am. salmodikon vart brukt i skulen i mi tid.

VIII

Ikkje kjennskap til vagar.

IX

Lur: I min barndom, so ikring 1887, hørte eg ei gjente bles i lur på Sandumsetra. Det var ein langlur, gjort av trestykke, omvundne med kløyvde vidjeteger. Den hadde munnstykke.

I 1880 åra kom direktør ved Sandefjord bad H. Thaulow og Dr. Ohrs bad på Modum med lurar til Krødsherad og fekk i stand ei tevling. Det var da fleire som lærde å blåse på lur. Eg huskar eg som smågut hørte lurlåt frå Norefjell.

No er det ingen som bles meir

Då eg gjætte sauene i skogen, laga vi oss gjætarlurar. Vi fann ei passe stor or som hadde kvistrein legg. Med kalle-

Kniven skar vi borken i ein spiral nedover, losna den og rulla saman ein lur. Den gjer høg ljod.

X

a) Prillarhorn vart bruka av gjetargutar i mi barndom. Det var laga av bukkehorn, med fingerhol. Blåseopninga var som på ein lur.
b) Det var berre fingerhola dei bruka til å variera tonen med

XI

Vanleg fløyte vart ikkje bruka. Derimot var det same som blir på trefløyte, sjå fløyte, som ho vart kalla. Ho kunne takkas frå einannan. Ho hadde fingerhol og munnstykke som ein alm. pip.

XII

Selje fløyte vart mykje bruka før. Såsnart borken losna, var det til med å laga fløyter av selje eller vier. Man fann seg ut eit fint, kvisterenit emne, vrei av borken laus, skar ljodhol og spikka tappen til. Det måtte gjerast forsiktig skulle man få godt mål i ho. Før ikkje borken skulle turka, måtte fløyta liggja i vatn. Man held fløyta til munnen og bles sterkare eller svakare og prilla mot den opne enden. Dei kunne spela melodiar, hallingar og springarar på henne. Det gjer ei underleg vårstemning, når fløytelåten lyd i gard og grend. — Da mange av dei eldre slåttane her i bygda er naturtonedømde, med kvart-tonar, er fleire av ~~slåttane~~ deira sikkerleg innført direkte frå seljefløyta.

XIII

Ukjent

XIV

Munnharpa vart også mykje bruka i Kvåshund. Det var ein jernbøyle med ei metalfjør. Ein lå harpa 763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VI

mot tennene og slå på fjøra med ein finger. Gjeden forma ein i munnholen.

Det var skåre og mindre munnharper. Ein oppbevara deim i ett trestykke og sårra eit band om. Var det handugje folk, laga dei gjerne sine harpur sjøl, men i min ungdom var dei å få til kjøps hos landhandlerar og omreisande kremerar. Eg var sjøl eingong ganske god til å spela på munnharpe, og eg kjende fleire som var svært gode. Eg hugsar serleg Ola Gårand og Harald Langebakke. Dei spelte so høgt at dei dansa etter harpespelet.

Munnharpa avløste truleg seljefløyta, men harding fela seigra stort.

XV

Spikerfele ukjent

XVI

Tromme likeså. Tromma kom saman med hornmusikken til bygda.

Bolk B.

Byinstrument.

1)

Instrument som klaver, spinett o. s. v var lite kjent i eldre tid. Det kunne vel hende at den residerende Kappelan, som budde på prestegården Bjørtne, hadde eit slikt instrument, hvis han eller frua ålte sans for musikk.

So ikring 1886 vart Kvinsherad hornmusikk skipa av Torgeir Torgeirson, Mållaugulens son. Dei driv fremdeles.

Trekkspelet er blitt svært papulært dei seinste åra, da utenlandske dansar trenger seg inn overalt.

2) Det var mest utabygds folk som, serleg em-

betesmenn som bruka piano og musikk som hørde ditil. I seinare tid er det også bygdefolk som har lært, og i dei betre-stilte heimane har dei gjerne piano eller eit orgel.

Som før nemnt blei det stifta eit salonorkester i Kråkherad i 1903. Det har vore i verksamhet heile tida og vert sett pris på.

3) Horn-salonorkester og trekkspel har ført ny musikk til bygda, til dels på kostnad av den gamle slåttemusikken. Det er no eingong so at det som kjem utanfrå er so mykje grommare.

Det hender nok stundom at same valsar vert tekne opp på hardingfele. Gamle-Klemen, som for vidt og breit, i bygd og by, hadde ikkje so lite byspel, serleg valsar. Det, som no vert spela, passar mindre til overføring.

Bolk C

Larminstrument og andre primitive instrument

Alm. Kråkestreme var før alm. i bruk. Det var ein kall med takk i, festa i ei ramme og kunne svingast rundt med eit handtak. Oppå var festa ei trefjør. Når så kallen vart svinga fort rundt, gav det ein sterk, skrattande ljod.

Dei vart og kallå ei harastreme, da dei vart brukt til å skræmo ut haren under jakt.

Blant ungar var det alm. og halde eit strå mellom tommelfingrane og blåse, eller laga pip av skåkje eller halmpipe.

1) Det fyrst nemnde vart kalla kråke- eller harastreme. Dei andre berre pip.

2) Eg har forklart ovafor „skrema". Det andre er ålment kjent

3) „Skrema" til å jaga ut med. Dei andre til barneleiker

4) Som ovafor nemnd.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bolk D

Mellomalderlege musikkinstrument.

Har ikkje kjennskap til dette.

— " —